



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Egil Hauge, 5557 2350

Vår dato
19.01.2015
Dykkar dato
30.04.2014

Vår referanse
2012/6405 421.4
Dykkar referanse
14/933

Meland kommune
Postboks 79
5906 Frekhaug

Samordna uttale med motsegn: Meland – gnr. 9 bnr. 156 mfl. - Hjertås Industriområde - reguleringsplan - planID 125620120002

Vi viser til brev vedlagt brev datert 12.1.2015 fra Forsvarsbygg. Vi viser også til brev av 22.08.2013, der det er orientert om rutinar med vidare i samband med *Forsøk med samordning av statlege motsegner i arealplansaker*.

Fylkesmannen sender med dette over statleg motsegn som er fremja mot ovanfor nemnde planforslag. Motsegna er fremja av Forsvarsbygg (FB), som ansvarleg statleg styresmakt for forsvaret sine interesser. Motsegna er grunngitt med at områda som er sett av til føremålet kai under kombinert føremål SM/N/KAI og område sett av til hamneområde i sjø, ikkje kan sameinast med forsvaret sine interesser i området.

Viser elles til vedlagt uttale frå FB.

Samordningsprosessen

I tråd med forsøksordninga med samordning av statlege motsegner skal alle motsegner frå statlege fagstyresmakter til kommunale arealplanar vurderast av Fylkesmannen. Fylkesmannen kan, som ein del av samordningsfunksjonen, avskjere motsegner. Vi viser elles til *Rundskriv, 27.8.2013 Nr.: T-2/13, Retningslinjer for innsigelse i plansaker etter plan- og bygningsloven*. Av desse retningslinjene går det mellom anna fram at motsegner skal fremjast så tidlig som mogeleg i prosessen og vere tydeleg forankra i nasjonale føringar for kommunalt planarbeid. Fylkesmannen legg til grunn at den aktuelle motsegna er fremja rettidig og innan fastsatt høringsfrist, jamfør plan- og bygningsloven § 5-4.

I samsvar med rutinane for forsøksordninga har Fylkesmannen drøfta innhaldet i motsegna med fagstyresmakta. Fylkesmannen sin konklusjon er at dei aktuelle motsegnspunktene er tilstrekkeleg grunngjevne og tydelig forankra i lovverk og nasjonale føringar. Fylkesmannen sin rett til å avskjere statlege motsegner vert ikkje nytta i saka.

Det ligg ikkje lenger føre motsegn frå andre statlege styresmakter til planen.

Dialog med kommunen

Som ein del av forsøksordninga med samordning av statlege motsegner i arealplansaker, tilbyr Fylkesmannen vanlegvis eit dialogmøte mellom kommunen som planstyresmakt og partane som har motsegn, før Fylkesmannen tek endeleg stilling til om motsegna skal

fremjast. I denne saka har vi, av omsyn til kort frist og vidare framdrift i saka, funne det rett å sende motsegna over slik den ligg føre.

Konklusjon – prosessen vidare

Fylkesmannen sender over brevet med motsegn fra FB, slik det ligg føre.

Vi legg til grunn at Meland kommune no vil arbeide vidare i dialog med FB, med sikte på å kome fram til eit revidert planforslag som partane kan einast om og som kan vedtakast av kommunen. Fylkesmannen kan, om partane ønskjer det, medverke i denne dialogen.

Dersom det ikkje vert oppnådd semje, kan alternativet vere å be Fylkesmannen om mekling, jamfør plan- og bygningslova § 5-6 samt *Retningslinjer for innsigelse i plansaker etter plan- og bygningsloven*, punkt 2.5 og 2.6.

Vi ønskjer lukke til med det videre arbeidet med planen !

Med helsing

Rune Fjeld
assisterande fylkesmann

Egil Hauge
prosjektleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:
Hordaland fylkeskommune Postboks 7900 5020 Bergen